

## Årsmelding 2014

### Valldal Idrettslag

#### Styret 2014 -

Einar Hoel	leiar
Anders Rem	nestleiar
Trond Håvoll	kasserar
Karianne Vestre Døving	skrivar
Kristin Sandnes	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Ellisiv Valdal Jarvik	leiar fotball gruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Kristi Linge Stakkestad	leiar langrennsgruppa
Kjersti Magnussen	leiar trimgruppa
Inge Sunde	1. varamedlem
Torkjell Bjørstad	2. varamedlem

#### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 8 styremøte i 2014. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla til styremøte

#### Medlemstal –

For 2014 er det registrert 280 betalande medlemmar. Dette er ein nedgang med om lag 20 frå året før.

#### Representasjon –

Einar Hoel sit i styret i Norddal Idrettsråd.

Einar Hoel har delteke på anleggsmøte i Møre og Romsdal Idrettskrets/Møre og Romsdal Fylke

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

#### Arbeid gjennom året –

Idrettsskolen for barn 6-10 år har vore i gong både sist vinter og siste haust. Oppslutninga har vore god, med deltaking frå om lag 30 barn. Elevar frå Stranda v.g.s er engasjert som leiarar.

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper. Det er Facebook-grupper for ski- fotball- og trimgruppa for informasjon.

Arbeidet med skilting og merking av råser er i gang. På seinhausten vart det levert mykje skilt som skal settast opp til våren. Tinging av skilt vart gjort i samarbeid med lokalkjente. Det skal også lagast eit tur-/stikart for sal. Dette er helst tenkt overfor tilreisande og vert seld på turistinformasjonen. Det vert seld annonser som skal finansiere utgiftene.

Rehabilitering av klubbhuset er så godt som ferdig. Det er nokre små detaljar som må på plass før vi kan be om godkjenning og sette opp sluttrekneskap. Dette er grunnlag for utbetaling av spelemidlar på inntil kr 245.000. Det er ei utfordring med universell tilkomst mellom kjellar og hovudetasje. Rehabiliteringa er godkjent utan innvendig heis, men det er føresett utvendig tilkomst. Dette kan vere vanskeleg å oppfylle med store snøfall. Det føreligg ikkje formell avtale med Norddal kommune om grunn til klubbhuset, kun eit kommunalt vedtak om å avstå grunn. Idrettslaget har bedt om at dette vert ordna, men det verkar som den saka dreg i langdrag.

På årsmøtet 2014 vart det vedteke å rehabilitere Idavollen med kunstgras og oppgradert lysanlegg. Det vart oppretta eiga nemnd for å ta seg av arbeidet. Søknader om spelemidlar vart godkjent og Norddal kommune gav tilsagn om støtte på kr 985.000. Etter kvart kom det fram opplysningar som gjorde det aktuelt med betre utnytting av arealet på Idavollen. Det er andre løysingar for å legge kunstgras på eksisterande baner med gode grunnforhold. I tillegg tilrådde Norges Fotballforbund at det vart bygt eit 11-ar bane med kunstgrasflate på 96mx56m med forbetra lysanlegg. Total kostnad er rekna til i underkant av kr 4,0 mill. Bana har fått idrettsfunksjonell godkjenning og det vil verte sendt søknad om spelemidlar på kr 1,320 mill. Resterande kostnad vert fordelt mellom Valldal IL og Norddal kommune. Endring av planane vert lagt fram for årsmøte 2015. Framdriftsplan er oppstart av arbeid på vår/forsommar. Den utpeika banenemnda arbeider godt med både sjølve planane og finansiering.

På førre årsmøte vart det vedteke å arbeide vidare med ny trakkemaskin. Ei eiga nemnd vart oppnemnd og hausten 2014 vart det jobba med kjøp og finansiering. Det vart kalla inn til ekstraordinært årsmøte 4.12.14 for endeleg godkjenning. Det vart då vedteke å kjøpe ei demonstrasjonsbrukt trakkemaskin, 2013 modell til kr 1,5 mill. Finansiering med sal av gamal maskin, spelemidlar, tilskot frå Sparebanken Møre og Gjensidigestiftelsen, bruk av egne midlar, kronerulling og lån. Det viser seg at innsamling/kronerulling har vorte så vellukka at det er lite eller ingen behov for lån. Svært god jobb av "trakkemaskingruppa" og skigruppa.

Norddal kommune har gjort vedtak ved 2 høve om bygging av idrettshall og rehabilitering av Valldal Samfunnshus med symjehall. Dette har skapt ein del "støy" i kommunen, også innanfor idretten. Valldal IL har hatt ei klar halding om at eit slikt anlegg vil vere positivt for idretten og dekke eit behov for større kapasitet for innandørs aktivitet. Idretten er representert både i plan-/anleggsnemnd for prosjektet og er med i eiga dugnads-/innsamlingsnemnd.

Usemjå med ein hytteigar på Omenås om rett til lysløype over vedkomande sin eigedom er vanskeleg å få avslutta. Vedkomande er ikkje interessert i å diskutere løysingar og idrettslaget held på sin tinglyste rett til lysløype i den traseen som er brukt sidan 1985. Advokat er kontakta for å få ei vurdering av vårt standpunkt og kva vi bør gjere vidare.

På seinhausten vart det planert areal for to volleyballbaner på "rådhusmarka". Dette er gjort etter avtale med Norddal kommune. Til våren vert det sett opp nett og banene kan takast i bruk.

I samband med sommararrangement vart det innkjøpt diverse utstyr, ma. telt. Det er kjøpt inn prosjektor med lerret på klubbhuset

Etter vedtak på årsmøte 2014 vart Valldal IL innmeldt i Norske Amerikanske Idretters Forbund, avdeling diskolf.

#### Tilsette –

I 2014 har det vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. Det har vore ein del uklarheiter omkring arbeidet og utføring av dette. Det medførte at avtale ikkje er forlenga og det vert arbeidd for å få ny reinhaldar på nyåret.

Det er avtale med vaktmester på klubbhuset for å utføre forefallande arbeid.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS..

#### Arrangement -

Den årvisse marknaden vart arrangert i april med god oppslutning. Marknadsnemnda fungerte ikkje og ein del av styret tok ansvar for arrangementet. Nettoinntekt om lag kr 50.000

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Mange var i aksjon å hjelpte til, men det er ei vanskeleg tid midt på sommaren så på nokre områder var det krevjande å få saman arbeidslistene. Olsokarrangement var kanskje det mest vellykka som er gjennomført. Totalt ga arrangementa om lag kr 110.000 i netto inntekt. Kr 55.000 vart fordelt tilbake til gruppene i tillegg til at gruppene ikkje betalar fellesutgifter.

Valldal IL var i april medhjelpar på aktivitetdag på Samfunnshuset for personar med nedsett funksjonsevne.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

#### Økonomi –

Resultat for 2014 viser eit underskot på kr 500.000. Hovudårsaka til dette er at kjøp av trakkemaskin er ført i driftsrekneskapet, m.a. for å få det inn i grunnlag for

momskompensasjon. Mykje av inntektene i samband med kjøpet vil kome inn i rekneskapet for 2015. Dersom ein tek ut dette kjøpet og dei inntektene som er ført i 2014, vert resultatet eit overskot på om lag kr 50.000. Kjøp av trakkemaskin er i tillegg finansiert med kr 170.000 frå Valldal IL og Trimgruppa; dette trekke også resultatet ned i 2014.

Vi meiner difor økonomien i laget er god. Resultatet er bra og bankinnskot på i overkant av kr 600.000 er bra. Det kan også takast med at vi har tilsagn om spelemidlar i samband med rehabilitering av klubbhuset på inntil kr 245.000 som ikkje er utbetalt. Laget står framfor arbeid med Idavollen og det vert også forventa bidrag til idrettshall/kulturbygg så det er heilt nødvendig å ha midlar til disposisjon.

Mange gjer ein stor for idrettslaget og idretten i Valldal og styret vil rette eit stor takk til alle som har bidratt til dette i 2014.

Valldal 2.3.2015

Einar Hoel    Anders Rem    Trond Håvoll    Karianne Vestre Døving    Kristin Sandnes  
Ellisiv Valdal Jarvik    Magne Eivind Glomnes    Kristi Linge Stakkestad    Kjersti Magnussen

## Årsmelding 2015

### Valldal IL, fotballgruppa

Årsmøte 23.02.15.

**Styret har vore slik samansett:**

Ellisiv Valdal Jarvik (leiar)  
Kenneth Hovden (nestleiar)  
Silje Sandøy Grønning (kasserar)  
Hege Bjørstad (sekretær)  
Robin Gjerde (styremedlem)

Vara: Dag Snorre Grønningsæter og Ann Kristin Godø.

Anders Rem har fungert som «møtande konsulent» på styremøta, og han har teke seg av mange praktiske oppgåver.

Arbeidet har vore fordelte slik: Anders og Robin har vore ansvarleg for bane/anlegg. Hege har vore materialforvaltar. Kenneth har hatt ansvar for kiosken. Kenneth er fotballgruppa sin Fair Play representant. Anders har vore dommaransvarleg.

Vi har hatt ni styremøter i løpet av året i tillegg til ein god del kontakt på e-post og telefon.

I vårsesongen 2014 har vi hatt 11 lag med i seriesystemet. Dette var: G07, G08, G10, G11, G14, G16, J08, J10, J11, J14, J16. Det eine laget, G16, var eit samarbeidslag mellom Valldal IL og Norddal/Eidsdal/Geiranger Fotballklubb. Dette laget blei oppløyst etter sommaren fordi mange av spelarane flytta på hybel. Dei resteande spelarane spelte i haustsesongen på G14 9-ar med dispensasjon frå fotballkretsen. Også i 2014 var det herretreningar både inne i vinterhalvåret og ute vår og haust.

I tillegg til at laga har spelt i serien, har dei fleste laga også vore med på ein eller fleire cupar. Vi hadde to lag av garde på Norway Cup i 2014. Dette var G16 og J16. Begge laga gjorde det bra sportsleg. G16 vann gruppa si i innleiande runde og gjekk vidare til A-sluttspølet. Her vann dei 1/16 finalen, men måtte sjå seg slått i 1/8 finalen mot Åndalsnes. Jentene fekk ein siger, ein uavgjort og eit tap i gruppespelet. Dette sende dei til B-sluttspølet. Her nådde dei kvartfinalen, men blei slått ut på straffesparkkonkurranse. Flott innsats av begge laga som hadde ein super tur til Oslo.

Dei andre lag våre deltok på cupar i nærområdet. J14 og G14 var på Seljecup i juni. Valldal har delteke på denne cupen i fleire år. Erfaringane er svært gode. Begge Valldalslaga presterte godt sportsleg. J10 og J11 deltok på Stordalscup og på Tarecup i Sparebanken Møre Arena. G11 var på Tarecup. G10 var på Benditcup i vårsesongen og G-Maxcup i haustsesongen. Begge turneringane var i Spjelkavik. G08 deltok på Tarecup. G07 var med på Miniputten på Blindheim. J08 deltok berre i seriespelet.

Også i 2014 hadde vi lag med på futsal-KM. G14 og J14 deltok på dette i haust og begge laga spelte B-sluttspel no på nyåret.

Fire jenter (fødd 2000) var med på «Jente-akademiet» til Herd i vårsesongen. Her var ekstra motiverte og interesserte jenter frå Herd og naboklubbane samla til ca. 5 treningar.

Påsketurneringa vi hadde tenkt å arrangere for alle årsklasser, blei avlyst pga. for lita påmelding.

Opplegget rundt dommarar for ungdomsklassene blei strengare i 2014. Desse skal no i utgangspunktet ha utdanna dommarar som blir oppsette frå kretsen. Dette har medført ganske stor auke i utgifter til dommarar for oss. Tidlegare blei desse kampane dømde av lokale heltar på dugnad.

Fire spelarar frå G14 og G16 deltok i mai på keeperskulen som Blindheim arrangerer.

1. september arrangerte vi «Motivasjonskveld» for trenarar, lagleiarar og styret. Det var Ronny Ødegård frå fotballkretsen som var invitert og sto for dette. Vi hadde både ein teoretisk del og ein praktisk del. Vi fekk mykje gode tips og innspel. Dette var eit positivt tiltak. Vi har i etterkant gjort som Ronny anbefalte – vi har laga «køyrereglar» for alle som er med på fotball med bl.a. krav og forventingar til spelarar og foreldre på ulike alderstrinn. Desse er utsende til alle foreldre. Vi ser for oss at desse retningslinjene kan bli utvida etter kvart. Eit grunnlag er i alle fall lagt.

Det blei kjøpt inn 2 stk. 5-ar mål og 2 stk. 11-ar mål frå Simek i Stordal (ca. 33 000,-)

For å få pengar i kassa har dette vore gjort:

- Sal av sparekort (ca. 13 000,-)
- Sal av annonser i programbladet (ca. 37 000-17 000= 20 000,- i overskot)
- Vakter på Kulå (ca. 5 000,- blei utført av dei som skulle på NC. Gjekk direkte til dette)
- Bingo i november (ca. 15 000,-)
- Sal av lodd og adventskalenderar (ca. 17 000,-)
- Kiosksal ved kvar heimekamp (ca. 30 000)
- Treningsavgift for spelarane (ca. 35 000,-)

Vi har fått tildelt dette frå sponsorar/støttespelarar:

- 8000,- til innkjøp av drakter frå Tafjord
- 10 000,- til innkjøp av fotballmål frå Tafjord
- 5 839,- frå Norges Fotballforbund, spelemidlar til utstyr - **ikkje kome med i rekneskap!**

Klubbavtalen vi har med Intersport Rogneve som gir oss framleis gode rabattar ved kjøp av utstyr. Vi fekk i haust ta ut bonusen vår for 2014 – varer for 15 000,- kroner. For dette fekk vi fotballar, hanskar, vestar, ballsekkar og anna småutstyr.

Avtalen vår med G-sport på Stranda var også gjeldande for 2014. Her får alle «medlemmar» 20% rabatt ved kjøp av fotballutstyr.

Arbeidet med å få til kunstgrasbane på Idavollen vart intensivert i 2014. Torkjell Døving, Anders Rem, Robin Gjerde og Anne Lene Hjelle blei valt til å sitte i arbeidsgruppa. Dei har

gjort ein stor og god jobb. Dei opprinnlege planane om å lage til ei 7-ar og ei 5-ar bane, blei i løpet av hausten gjort som slik at ein no går for ei lita 11-ar bane. På denne måten får ein utnytta område betre. Samstundes er det valt å oppgradere lysanlegget med nye master til ein standard som er anbefalt for idrettsanlegg av denne typen. Kostnadane blir litt noko større, men no får vi eit mykje betre og meir framtidsretta anlegg for pengane. Norddal kommune førehandsgodkjent planane og søknad om spelemidlar er sendt. I tillegg til spelemidlar, kommunalt tilskott, gåvemidlar og sponsorstøtte, vil det krevje ein stor dugnadsinnsats frå idrettslaget. Dette er heilt nødvendig for å klare å realisere kunstgrasplanane. Det blir til slutt eit fantastisk fint anlegg! Etter planen skal arbeidet settast i gong så snart snøen forsvinn frå grusbana. Målsetninga er at graset skal ligge klart til bruk før sommarferien. Det blir nok ein del dugnadsarbeid med tilstelling etc utover sommaren og hausten. Men dette vil vere eit kjekt arbeid sidan dette handlar om å «pynte kaka». Vi håper alle er positive til å bidra på ein positiv måte. Dette er eit anlegg for, ikkje berre dagens omlag 110 aktive fotballborn og –ungdommar, men også for framtidige generasjonar for fleire idrettsgreiner i Valldal Idrettslag.

### **Evaluering av «Arbeidsplan for 2014 / langtidsmål»**

\* «halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene»

- Dette ser ut som vi greier fint. Desse er påmelde: G16, J16, J13 og G13

\* «halde oppe talet på påmelde lag i serien»

- I 2013 hadde vi 10 lag, vårsesongen 2014 hadde vi 11 lag. Haustsesongen 2014 hadde vi 10 lag. Det blir 11 påmelde lag i vårsesongen 2015.

\* «alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser»

- Både G16 og J16 deltok i 2014. J15 og G16 kjem ikkje til å delta i 2015, men vil vente til 2016.

\* «i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøkter for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball».

- Dette blei ikkje gjennomført i 2014.

\* «gjere bingoen vi arrangerte i november til eit årleg arrangement»

- bingoen blei arrangert også i 2014.

Valldal, 21.02.15.

Ellisiv Valdal Jarvik

leiar i fotballgruppa, Valldal IL

ÅRSMELDING 2014  
VALLDAL IL FRIIDRETTSGRUPPA

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar  
Kjersti Magnussen, nestleiar  
Lars Tomas Bersås, kasserar  
Øyvind Reiten, styremedlem  
Solfrid Fjeldstad, styremedlem

Petter Lingaas og Jan Ole Fuglem har vore varamedlemar.

Det har vore to styremøte, eitt saman med Liabygda der friidrettscup og treningar har vore diskutert. I tillegg har det vore kontakt mellom styremedlemene i høve arrangement sommar og haust utan at styret har hatt formelle møter. I 2014 arrangerte vi Valldal/Liabygda cup og Norddalsstafetten. Mefjellet opp og jordbærdilten vart arrangert også dette året ved hjelp av heile idrettslaget.

**Arrangement:**

**Valldal/Liabygda cup:**

I 2014 samarbeidde vi nok ein gong med Liabygda IL om friidrettscup. 6 cupar totalt; 3 i Valldal, 3 i Liabygda. I tillegg arrangerte vi Storfjordstemnet saman med Eidsdal, Norddal og Liabygda i på Langereiten stadion i Eidsdal i slutten av august. Dette telde også i cupen. Samanlagt premie for 3 cupar totalt. Det har vore svært bra oppslutning på heimebane, og 35 frå Valldal fekk premie for deltaking i 3 cupar. Heile 47 samanlagtpremiar vart delt ut i fjor og det er fleire enn noko år tidlegare. Det vart ei enkel avslutning med premieutdeling på klubbhuset rett etter siste cupen i september.

**Stafettar:**

Norddalsstafetten vart arrangert i Valldal 22. august med overraskande god deltaking frå alle klubbane. Å bruke ein fredagskveld viste seg å vere lettare å få med løparar enn det ofte er ein søndag. Valldal sit dette året igjen med 4 av 6 pokalar, så no er det om å gjere å stille med gode lag også dei komande åra anten det er på heimebane eller bortafjords.

I handlingsplanen til friidrettsgruppa som vart laga i 2012 har vi som målsetjing å delta i fleire stafettar, også utanfor lokalområdet. Dette har vist seg å ikkje vere så lett å prioritere, men vi bør prøve igjen. Vi merkar ei litt aukande interesse for friidrett på cupane, og dei som har lyst må få tilbod om å delta også utanfor nærområdet. Oversikt over ulike arrangement både lokalt og regionalt blir laga til.



**Trening og aktivitet:**

Det vart også i fjor forsøkt ein felles oversikt over treningar og cupar. Cupane fungerte bra, men framleis dårleg oppmøte på treningane som var lagt til Liabygda.

Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore nokre løp på landeveg og motbakke av nokre få løparar frå Valldal med gode resultat.

**Økonomi:**

Økonomisk vart det i 2014 eit overskot på kr 931, men oppgjer mellom idrettslaga etter sesongen manglar og ville ført til eit overskot i staden. Dette vil bli følgd opp i 2015.

Banksaldoen viser kr. 37.594 og viser at friidrettsgruppa har høve til å bruke meir midlar. Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2015.

Valldal 26. februar 2015

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Kjersti Magnussen, Lars Tomas Bersås, Øyvind Reiten,  
Solfrid Fjeldstad

## Årsmelding 2014

### Valldal IL Ski

#### 1. Innleiing

Skisesongen 2014 er over. Deltakinga i lokale renn og arrangement er god, og nokre deltek også på krets nivå og nasjonalt nivå. Det er gledeleg at vi har stor stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom oppslutninga om skikafeen torsdagane i vintersesongen – sjølv om 2014 vart ein mager skisesong – på grunn av snømangel vart det berre to skikafear og tilsvarande få økter på ski i lysløypa. Då var det godt at vi hadde reservearena på Grønningsæter og på Trollstigvegen. Mange skiøkter vart gjennomført med hovudlykt her sist sesong.

VIL langrennsgruppa skifta namn til VIL skigruppa etter vedtak på sist årsmøte. Dette vart gjort for å inkludere skiskyting og eventuell anna skisport i gruppa.

#### 2. Organisering

##### **Styret:**

Kristi Linge Stakkestad – leiar

Jan Ole Fuglem – nestleiar

Geir Arne Myren – kasserar

Marian Myklebust Sunde – styremedlem

Anett H. Steinnes – styremedlem

Per Jomar Nerli – 1. varamedlem

Arne Sandnes – 2. varamedlem

##### **Undergrupper:**

##### **Trakkemaskingruppe**

*kontaktperson Jan Ole Fuglem*

Magne Hoel

Fridjon Døving

Jostein Gjerde

Terje Hoel

Hans Martin Gjedrem

Per Jomar Nerli

##### **Tilsynsgruppe lysløype**

Aksel Indreeide

Magne Hoel

Kjell Vad

Terje Nerhus

##### **Skikafe- / premienemnd**

Marian Myklebust Sunde

Anett H. Steinnes

##### **Anleggsnemnd skiskyting**

Jan Ole Fuglem

Per Jomar Nerli

Hans Martin Gjedrem

Terje Magnussen

##### **Treningsnemnd**

##### **(langrenn/skiskyting)**

Jan Ole Fuglem

Marian Myklebust Sunde

**Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli

Aud Lindis Ødegaard

Arne Sandnes

**Sonekontakt**

Jan Ole Fuglem

**Bingokomite**

Anett H. Steinnes

Marian Myklebust Sunde

Kjersti S. Magnussen

**Prosjektgruppe for ny****trakkemaskin**

Jan Ole Fuglem (skigruppa)

Geir Arne Myren (skigruppa)

Inge Sunde (VIL hovudstyre)

Terje Hoel (sjåfør)

### 3. Økonomi

Hovudtal	2009/2010	2011	2012	2013	2014
Inntekter	382 565	470 341	160 294	302 014	1 214 901
Utgifter	304 562	418 601	249 663	380 878	1 712 652

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 57 033 (31.12.13).

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Gruppa/hovudlaget har (pr 31.12.14) gjeld på kr 430 000 (banklån) og 150 000 (VIL hovudlaget) i samband med kjøp av ny trakkemaskin. Desse låna blir etter planen innfridd i 2015

#### Viktige inntektskjelder:

- Inntekter på arrangement: matsal, startkontingent
- Programhefte (annonsesal)
- Olsokarrangement
- Sponsorar: H.L. Muri AS, Sparebanken Møre

#### Dei største utgiftspostane:

- Drift av utstyr og anlegg

#### Ny trakkemaskin

Årsmøtet i VIL skigruppa i 2014 vedtok å arbeide for innkjøp av ny trakkemaskin. Ei prosjektgruppe vart sett ned, og utpå hausten vart det klart at finansieringa kom i orden og ny maskin kunne bestillast. Etter ekstraordinært årsmøte i VIL hovudlaget 4. desember vart ny maskin innkjøpt til kr 1 500 000, og finansiert med sal av gammal maskin (kr 450 000), spelemidlar (kr 250 000), støtte frå VIL hovudlaget (kr 170 000), frå Sparebanken Møre (kr 200 000), Gjensidigestiftelsen (kr 200 000), TAFJORD (kr 75 000), mva-kompensasjon, lån og ikkje minst kronerulling frå næringsliv og privatpersonar i bygda. Vi takkar alle for støtta, kvar krone kom godt med! Den nye maskina vart markert med kick off for skisesongen 8. januar, der representantar for sponsorane Sparebanken Møre og TAFJORD var tilstades. Dette gav oss god dekning i media, både Storfjordnytt og Sunnmørsposten.

### 4. Aktivitet

#### Trening

Treningsopplegget har vore ganske likt det som har vore nytta dei siste åra. Kvar tysdag var det **trening i klassisk/fristil/skileik** for to grupper frå 1. klasse og oppover.

Treningane føregjekk med hovudlykt frå Langdal og Høghjelle så å seie heile vinteren 2014. Torsdag var det skiskytingstreningar på Myklebust, dei fleste på barmark. Barmarkstreninga starta opp med **miljøsamling** på Ullsheim skistadion på Markane siste helga i september. Dette vart ein kjekk, nyttig og god start på sesongen. I oktober starta vi opp med barmarkstreningar for barn tysdagar og skiskyttartrening torsdagar.

Laurdag 20. desember arrangerte VIL **treningssamling** for barn og unge i klubbane i sona. Det vart to økter på snø i lysløypa og matpause på klubbhuset midt på dagen. Eit vellukka opplegg med fornøgde deltakarar frå Liabygda, Stordal, Stranda og Valldal.

**Den uorganiserte barmarkstreninga** for vaksne (tysdagar i lysløypa) tok også til i oktober. Treningsnemnda har ansvar for treningsoppsettet og har gjort ein god jobb med både tradisjonell og nyskapande aktivitet.

### **Skiskyting**

I mars 2013 starta vi opp med skiskyttarskulen for barn, unge og føresette. Nytt utstyr er kjøpt inn og skiskyttaranlegg er bygt på Myklebust med støtte frå Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen og ordninga Spelemidlar til utstyr. Standplass er tilrettelagt i nærleiken av lysløypa og hoppbakkane. Det blei også gjennomført skiskyttarskule i september 2014, og etter det har det vore 5-15 barn på skiskyttartrening kvar veke.

### **Kretslag**

Valldal IL har i 2013/2014 og 2014/2015 to løparar på Møre og Romsdal skikrets sitt juniorkretslag, Trond-Marius Vad, Iver Matias Linge Glomnes og Kornelius Linge Glomnes. Dette laget ser ut til å fungere bra. Dei har vore og er elevar ved Stranda skigymnas, som har eit nært samarbeid med kretslaget.

### **Storfjordlangrenn**

Valldal IL er medeigar i Storfjordlangrenn.

Sesongane 2013/2014 og 2014/2015 er det ingen frå Valldal IL som er med.

### **Materiell**

Skigruppa disponerer om lag 20 par skøyteski i lengder frå 145 til 170 cm til utlån. Skia er tenkt til aldersgruppa 8-12 år (2.-6-kl). Vi har også fleire par rullleski til utlån. Gruppa eig fem skiskyttarvåpen. Alt utstyret har vore jamt i bruk siste året.

### **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte søndag 23. mars **Sparebanken Møre cup i duatlon**, som på grunn av snøforholda blei endra til eit fristilsrenn på Grønningsæter. Rennet vart vellukka og 95 deltok, trass i at det også der var knapt med snø. Dette var det

avsluttande rennet i cupen, med påfølgjande samanlagtpremiering på samfunnhuset. VIL fekk også denne gongen skryt for eit godt arrangement, og det i tillegg til at kretsen i fleire år på rad har lagt dette rennet til Valldal, tek vi som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar. Ei ekstra utfordring vart det med bruk av reserve arena. Vi nyttar høvet til å sende alle frivillige ein stor takk!

Søndag 2. mars var det **sonerenn** i Valldal. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda, Geiranger og bygdene i Norddal kommune. Deltakarar utanfrå er også velkomne. Rennet vart arrangert som skicross, der mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrint blir lagt inn i løypa. Ei spennande og populær form for skirenn for spesielt dei yngste deltakarane. Ei ekstra utfordring vart det at også dette rennet måtte avviklast på reservearena Grønningsæter, men om lag 85 deltakarar møtte opp og gjennomførte rennet.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. På grunn av snøforholda blei to av renna våre avvikla på Nedstestølvegen frå Langdal. Det tredje rennet blei slått saman med VM. Liabygda sine renn/Stordalscup blei avvikla på Overøye. Nokre blei utsett og avlyst. Dette gav låg deltaking. Om lag 20 deltakarar gjekk minst fire renn og gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor (drikkebelte) blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det ein del som oppnådde.

**Valldalsmeisterskapen** vart arrangert i klassisk stil **søndag 6. april**. Dette måtte også leggast til Grønningsæter, men sjølv der var det så knapt med snø at løypa bokstavleg talt gjekk mellom grastustane. Om lag 70 skiløparar deltok, ei halvering av deltakartalet frå året før (148). Snømangelen får ta skulda for dette også. Dei klart største klassane i VM er framleis barn under 8 år og herrar senior.

### **Skikafe**

Det var planlagt skikafe på klubbhuset kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Sidan snøen let vente på seg på Omenås vart det berre to skikafear i heile sesongen, begge i slutten av mars. Skikafe er eit positivt tiltak med svært god oppslutning når skiforholda på Omenås er gode! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag "av seg sjølv".

### **Ski i skulen**

Ski i skulen er eit prosjekt for skiopplæring som kom til i samband med arbeidsplanen for 2013. Vi søkte og fekk støtte frå Sparebanken Møre og Tafjord til prosjektet, og kunne difor tilby 1.-10. klasse ved Valldal skule 1-2 økter med skiinstruksjon ved

lokale instruktører sesongen 2013. Prosjektet blei vidareført for 2014, men på grunn av snømangel på Omenås blei det ingen økter dette året. Vi prøver på att i 2015.

### **Vintertrim**

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Valldalssætra, Høgshaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

### **Skiskytingens dag og skisportens dag**

Dette har ikkje vore markert dei siste åra.

### **Marknad**

Sesongen vart avslutta med marknad på samfunnshuset laurdag 12. april. Det var også samanlagtpremiering av deltakarar i Valldal Liabygda-cup og trekt premiar mellom dei som har registrert seg på vintertrimpostane.

### **Sommararrangement**

Valldal IL (hovudlaget) arrangerte **Mefjellet opp** søndag 20. juli med god deltaking. Helga etter var det **Olsok** i Valldal, for tredje gong med heile laget som arrangør. Ein tradisjon som har vart i over 20 år, med rømmegrout, grillmat, vaflar og jordbær, Jordbærdilt og underhaldning. Det vart ikkje rulleskistafett denne gongen, på grunn av vanskelege trafikale forhold og utfordringar med å skaffe deltakarar i ferietida. Derimot vart nye barneløpet Minidilten ein stor suksess med mange ivrige barn på startstreken. Det økonomiske resultatet var godt, og gav kroner i kassa for laget.

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på mange ulike nivå innan vinteridrett. Frå Europa-cup i skiskyting til Valldalsmeisterskapen i langrenn.

I sesongen 2013-2014 deltok Valldal sine juniorløparar Trond Marius Vad og Iver Matias Linge Glomnes både på krets nivå og i regionale og nasjonale meisterskap og cupar.

Mange små og store løparar stilte til start på kretsrenn, sonerenn, i Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen og i VM.

Også i 2014 reiste ein gjeng med birkebeinarar frå Valldal IL. Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort. Men denne gongen blei rennet avlyst på grunn av vanskelege verforhold, og tusenvis av skuffa birkebeinarar måtte gjere vendereis og finne andre løyper å trene i denne dagen.

Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

## **6. Avslutning**

Vi håper at mange hadde gode treningsøkter og fine opplevingar i skiløypene sist vinter, trass dei vanskelege snø- og løypeforholda. Sjølv om vi ikkje har så mange deltakarar i renn på krets nivå og høgare, så har vi hatt god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski, og vi håper på snørike vintrar som gir auka rekruttering i åra som kjem!

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til i åra som kjem, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i framtida. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

**Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!  
Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig skigruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL ski, februar 2015

Styret

Kristi Linge Stakkestad Jan Ole Fuglem Marian Myklebust Sunde  
Geir Arne Myren Anett H. Steinnes 1.vara: Per Jomar Nerli



## Årsmelding 2014

### Valldal IL Trim

Styret for 2014 har vore slik

Leiar	Kjersti Magnussen	for 1 år
Nestleiar/skrivar	Liv Hanne Svensvik	andre av 2 år
Kasserar	Odd Martin Hoel	for 2 år
Styremedlem	Robert Wollmann	andre av 2 år
Styremedlem	Joerg Barthel	for 2 år
Varamedlem	Dagrunn Rem	for 1 år
Varamedlem	Nelly Ytterli	for 1 år

Valnemnd                      Reidar Bjørstad og Gerd Myren Hoel

Representant til hovudstyret                      Kjersti Magnussen

Representantar til Jordmormarsjen      Robert Wollman/Kjersti Magnussen

#### **Aktivitetar gjennom året:**

##### **Sykeltrim 1. mai**

Ein flott aktivitet med godt oppmøte sjølv i dårleg ver. Syklane blei vunne av Jostein Lied og Olai Hjelle Reiten. Vi hadde også mange flott premiar som ble trekte ut på startkontigenten.

##### **Vekas tur i samarbeid med God Helse**

Trimgruppa hadde vekas tur til Vardefjellet 16. juni og der deltok 20 stor og små. Kjekt at også born var med på turen.

28. august gjekk turen til Gjerdsegga 1140 moh. Da var vi 15 stk som kom oss heilt til toppen.

##### **Jordmormarsjen**

Vi var også i år med på å hjelpe til under Jordmormarsjen. Robert vart med på møta i forkant og Kjersti og Liv Hanne + innlånt hjelp hadde ansvaret for drikkestasjonane ved Onilsavatnet, Tafjordbadet og utdeling av gevinstar i Muldalen. Vi hjalp også til med salg av billetter i Muldalen.

##### **Trimpostane 2014**

I år tok vi bort 3 postar og la til 3 nye. Det ble Ormula på 1418 moh, Berdalsnibba 1343 moh og Gjerdsegga 1140 moh som fikk komme inn i det gode selskap av flotte turmål. Alle postene var klare frå 1. juni og dei har vært meget godt besøkte i løpet av sommeren og hausten.

Vi har solgt flest kort til voksne og vinner med flest poeng var Andreas Håvoll med 373 poeng. Flest poeng for barn var Elida og Heine Fuglem med 89 poeng. Vi hadde også en egen konkurranse for ungdom mellom 15-25 år, der var det kun Karoline Nerli som hadde alle

postene og gikk av med seieren. Litt dårlig info og uklart rundt premiene og hvor en kan kjøpe kort er kanskje noe av grunnen til lite salg og deltakelse på trimkortene. Det er noe vi må få bedre til neste år 😊. Alle barn under 15 som hadde nok besøkte poster fekk 4 stk Poul Pava glass og det har vi fått tilbakemelding på var en fin premie.

Kjekt med 2 spreke gutter som tok ALLE trimpostene på ett døgn og skapte god blest rundt trimpostene. Dette står det stor respekt av og kjekk lesning på vår Facebook side.

Moro også at så mange som 8 damer/jenter tok utfordringen og stilte i kjoler på toppen av Ormula 31. mai for å markere åpningen av årets trimposter.

Nyttårsmarsjen 1. januar 2015

59 startet i litt dårlig vær og på glatte veger. Vi hadde slag av vafler, kaffi, saft og gløgg. Hovudpremie som var ei fruktorg frå Muri/Spar blei vunnet av Pia Lise Nybråten. Elles hadde vi over 20 mindre premier som ble trekt ut på startnr.

#### **Elles dette året:**

Vi har opprettet Facebook side: Trim Valldal IL. Der legger vi ut det som skal skje og målet er også at det kan bli en side der folk kan avtale fellesturer.

Fresbeegolf er blitt ein del av trimgruppa og Richard Moen er flink til å bruke Facebook sidene for å holde oss orientert på kva som skje på området.

Trimgruppa støttet skigruppa med 20.000 kr til ny trakkemaskin.

Vi har hatt noen møter og god kontakt på sms, mail og Facebook.

En representant har prøvd å møte på styremøta i hovudstyret.

#### **Arbeidsplan for 2015:**

2015 er friluftslivets år og det må vi prøve å markere med å prøve å få så mange som mulig ut på tur. Vi vil fortsette med dei arrangementa vi har hatt og delta/hjelpe til under det som evt blir arrangert dette året.

Valldal

Trim Valldal IL, Styret